



Notat

Dato: 13.05.2015
Arkivsak: 2015/3679-1
Saksbehandlar: jonsmor

Til: Ingrid Kristine Holm Svendsen, Anna Elisa Tryti, Bård Sandal, Håkon Rasmussen, Arne Åsan, Svein Leidulf Heggheim

Frå: Fylkesrådmannen

Budsjett 2016 - økonomiplan 2016-2019

Fylkesrådmannen har starta arbeidet med budsjett 2016 og økonomiplanen for perioden 2016-2019. I dette notatet til toppleiargruppa vert arbeidet fram til fylkesutvalssaka om budsjetttrammer i juni gjennomgått. Opplegget avvik noko frå tidlegare år.

Investeringsbudsjettet

Fylkesdirektørane er kjende med at dei høge investeringsutgiftene medfører auka kapitalkostnader dei komande åra. I budsjettet for 2016 og åra i økonomiplanperioden vil fylkesrådmannen gå kritisk gjennom investeringsbudsjettet med sikte på å få til lågare vekst enn det som har vore vanleg dei siste åra.

Fylkesrådmannen, i samarbeid med Økonomiavdelinga, har hatt ein første gjennomgang av investeringsbudsjettet i gjeldande økonomiplan. Til den nemnde saka om budsjetttrammer til fylkesutvalet i juni, skal det innarbeidast forslag til eit tentativt investeringsprogram for å få oversyn over korleis investeringane skal finansierast. Dette har igjen overslag til driftsbudsjettet og storleiken på kapitalutgiftene.

Riksrevisjonen har nyleg lagt fram ein rapport om m.a. storleiken på låneopptak og gjeldsbelastning i kommunesektoren. I rapporten er det sett ei grense for den samla gjelda til ein kommune på 75% av driftsinntektene for å ha ei såkalla sunn gjeldsbelastning. Hordaland fylkeskommune si samla gjeld ved utgangen av 2014 var 95,9% av driftsinntektene.

Fylkesrådmannen har sett i gang arbeid med å finna mogelege handlingsreglar for gjennomføring av investeringar slik at den sterke veksten det er lagt opp til i økonomiplanen kan bremsast. Dette vil ein koma attende til i den nemnde fylkesutvalssaka.

Driftsbudsjettet

I gjeldande økonomiplan er det peika på at dei høge investeringane medfører at veksten i renter og avdrag vil ta det meste av veksten i frie inntekter fylkeskommunen kan rekna med. Nye tiltak må dermed i stor grad dekkast gjennom omprioriteringar.

Hordaland fylkeskommune hadde i 2014 eit netto driftsresultat på 0,7% av driftsinntektene. Netto driftsresultat viser kor mykje ein har att av disponible midlar t.d. til finansiering av investeringar.

Gjennomsnittet for fylkeskommunane samla var 3,0%. Teknisk beregningsutval tilrår at fylkeskommunane bør ha eit netto driftsresultat på 4,0% for å ha tilstrekkelege midlar til å møte svingingar i driftsbudsjettet.

Slik fylkesrådmannen ser det, er mindre ekspansivt investeringsbudsjett og betra netto driftsresultat nødvendige tiltak for å få ein betra økonomisk situasjon i fylkeskommunen. Det er avgjerande for den framtidige utviklinga å oppnå eit betre netto driftsresultat dei komande åra. På denne måten kan ein få ein tilstrekkeleg buffer mot økonomiske svingingar som måtte oppstå og ein større del av investeringane kan finansierast med driftsmidlar. Slik kan også den sterke veksten i lånegjelda som har vore dei siste åra bremsast.

Kommuneproposisjonen 2016 og Revidert nasjonalbudsjett 2015 vert lagt fram 12. mai. Fylkesrådmannen vil koma attende til driftssida og avdelingane sine budsjetttrammer etter at desse sentrale styringsdokumenta ligg føre.

Målsetjingar og måltal for avdelingane

I samband med prosjektet «Førebudd på framtida» arbeider ein med konkretisering av avdelingsvise mål som er knytte opp mot dei overordna målsetjingane for fylkeskommunen. Fylkesrådmannen legg til grunn at desse målsetjingane vert innarbeidde i budsjettdokumentet.

Det bør leggjast vinn på at måltala kan følgjast gjennom året slik at det går fram korleis avdelinga ligg an i høve til målsetjinga. Fylkesrådmannen vil ta inn målrapporteringa som ein del av tertialrapportane som vert lagt fram for fylkestinget i juni og oktober.

Risikovurdering

For å vurdere risikoen for å få negative overraskingar gjennom budsjettåret, ber fylkesrådmannen om at fylkesdirektørane gjennomgår risikoen innanfor sitt fagfelt. Det vert også i budsjettet for 2016 laga eit eige risikoavsnitt i det samla dokumentet. Fylkesdirektørane sine vurderingar skal inngå i denne samla risikovurderinga.

Pris- og lønsvekst

Budsjettseksjonen er i gang med å rekna ut nullvekst-ramma. Dette vert gjort slik:

- Økonomiavdelinga arbeider med justering av framrekningsmetoden for løn slik at lønsbudsjettet vert meir i samsvar med løpande lønsutgifter gjennom året. I utrekninga vert det lagt til grunn eit stipulert lønsregulativ pr. 1. januar 2016. Målsetjinga er å unngå for mykje budsjettjusteringar gjennom året. Ein vil koma attende til dette ved ferdigstilling av nullvekstramma til avdelingane.
- For andre budsjettpostar enn lønspostane legg fylkesrådmannen ikkje på tillegg for prisvekst, ved omrekning av 2015-budsjettet til 2016-tal.

Nullvekstutrekninga for dei ulike avdelingane sine budsjettområde vert sendt ut straks den ligg føre.

Budsjetttrammer

Fylkesrådmannen vil som nemnt utarbeida sak til fylkesutvalet i juni med budsjetttrammer for sektorane. Desse budsjetttrammene skal leggjast til grunn for arbeidet med budsjettet for 2016 og resten av åra i økonomiplanperioden. Toppleiargruppa vert involvert i arbeidet med denne saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Nils Vetlesand
kst. fylkesdirektør økonomi

Kopi til:
Odd Kenneth Mellingen
Hanne Camilla Dyrnes
Ingrid Birkelund
Rolf Rosenlund
Birthe Andersen Haugen
Astrid Skibenes